# Årsmelding 2017




# Hordaland Arbeiderparti

# INNHALDSLISTE:


**ÅRSMØTET 2017 ... 3**

**REPRESENTASJON ... 7**

**KVINNENETTVERKET ... 8**

**ORDFØRARNETTVERK ... 9**

**KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN ... 9**

**ÆRESMEDLEMMER I HORDALAND ARBEIDERPARTI ... 10**

**ADMINISTRASJON, IT-UTVIKLING OG HMS ... 10**

**STYREMØTER ... 10**

**REPRESENTANTSKAP ... 10**

**STORTINGSGRUPPA ... 13**

**22. JULI ... 14**

**ORGANISASJON ... 14**

**KURS ... 16**

**FAGLIG-POLITISK SAMARBEID ... 16**

**1. MAI ... 16**

**SLUTTORD ... 17**

**VEDLEGG I ... 18**

**ÅRSMELDING FRÅ FYLKESTINGSGRUPPA FOR 2017 ... 18**

**VEDLEGG II ... 21**

**ÅRSMELDING FRÅ AUF I HORDALAND FOR 2017 ... 21**

# ÅRSMØTET 2017

Årsmøtet i Hordaland Arbeiderparti 2017 vart halde den 18. og 19. mars på Bergen Kongressenter, Folkets Hus, Bergen.

Partileiar og statsministerkandidat, Jonas Gahr Støre, hadde den politiske hovudinnleiinga.

## Konstituering:

| | |
|---|---|
| Dirigentar: | Marianne Bjorøy, Fjell<br>Torgeir Næss, Kvam |
| Sekretærar: | Reidar Staalesen, Bergen<br>Elisabeth Refvik, partikontoret |
| Redaksjonskomité: | Odd Harald Hovland Bømlo, leiar<br>Jette Christensen<br>Roger Valhammer<br>Nina Bognøy<br>Magne Hestad<br>Kari Bernardini<br>Roald Kvamme<br>Miriam Haavik<br>Linda Monsen Merkesdal<br>Benjamin Jakobsen, AUF |
| Teljekorps | Henrik Drivenes<br>Kine Dale<br>Olav-Magnus Hammer |

## Styret:

| | |
|---|---|
| Leiar | Hans-Erik Ringkjøb, Voss |
| Nestleiar | Jette Christensen, Bergen |
| Studieleiar | May Britt Nordås, Bergen |
| Leiar av Kvinnenettverket | Marte Mjøs Persen, Bergen |
| styremedlem | Kristin Handeland, Fedje |
| styremedlem | Stein Ove Lien, Bergen |
| styremedlem | Marianne Bjorøy, Fjell |
| styremedlem | Kjetil Hestad, Tysnes |
| styremedlem | Olav-Magnus Hammer, Jondal |
| 1. varamedlem | Olav Terje Bergo, Bergen |
| 2. varamedlem | Nina Bognøy, Lindås |
| 3. varamedlem | William Lindborg, Fusa |

## Kontrollkomite:

| | |
|---|---|
| Leiar | Toralv Mikkelsen |
| Medlem | Veslemøy Gullachsen |
| Medlem | Gunnar Skeie |
| Varamedl. | Liv Wigdis Smith |
| Varamedl. | Terje Hermansen |

## Landsstyret:

| Medlem: | Varamedlem: |
|---|---|
| Hans-Erik Ringkjøb | Stein Ove Lien |
| Marte Mjøs Persen | May Britt Nordås |

## Landsmøtedelegater:

1. Magne Rommetveit
2. Ruth Grung
3. Eigil Knutsen
4. Anne Gine Hestetun
5. Øystein Hassel
6. Benjamin Jakobsen
7. Rebekka Moldøen
8. Roger Valhammer
9. Linn Kristin Engø
10. Kjell Håland
11. Lubna Jaffery
12. Leif Sande
13. Heidi Rongved
14. Marianne Bjorøy
15. Torgeir Næss
16. Elsa Benjaminsen
17. Odd Harald Hovland
18. Siri Klokkerstuen
19. Ørjan Myrmel
20. Line Berggren Jakobsen
21. Rune Bakervik
22. Linn Katrin Pilskog

| *Vara menn:* | *Vara kvinner:* |
|---|---|
| | Torunn Laurhammer |
| Jogeir Sognnæs | Liv Wigdis Løvik |
| Emil Gadolin | Leonora Hjelle |
| Terje Angelshaug | Victoria Emilie Johannessen |
| Geir S Dale | Lillian Vangberg |
| Arild Olav Sævig | Kristin Handeland |

## Valgkomite 2017:

| Medlem | Kommune | Region | Personlige vara | Kommune |
|---|---|---|---|---|
| Stian Nyhus - leiar | Os | Midt | Eirik Haga | Vaksdal |
| Heidi Lindebotten - nestl. | Bergen | | Kristin Akselberg | Bergen |
| Egil Haaland | Fjell | Vest | Espen Harkestad | Øygarden |
| Lubna Jaffery | Bergen | | Lillian Vangberg | Bergen |
| Nils Gunnar Knutsen | Bergen | | Thor Brekkeflat | Bergen |
| Anne Grete Eide | Meland | Nordhdl. | Mette Træland | Lindås |
| Jorunn Skåden | Sveio | Sunnhdl. | Aud Berit A. Haynes | Stord |
| Toralv Mikkelsen | Odda | Indre Hdl. | Kjartan Fjelde | Ulvik |
| Leiar | AUF | | Nestleiar | AUF |

## Årsmøtet oversendte følgjande forslag:

**Til det nye styret:**

Nytt fengsel/nye soningstilbud i Sunnhordland og Haugaland politidistrikt

Stemmerett for 16-åringar

**Til stortingsgruppa og landsmøtet:**

Bedre læring for alle

Et trygt arbeidsliv – for alle!

Industri, energi og bærekraft

Kraftforedlande industri

Plastforurensing i verdenshavene

Sjødeponi

Asyl, flyktning og integrering

Helse

Samferdsel

Boligpolitikk

Regionreform

Forsvar

Gjeld og forbruk

Bedre støtte til enslige forsørgere

Fredsnasnojn som tjener på krig

Taxfree

Frøftingsretten bør gjeninnføres

Med kultur for utvikling

Bærekraftig rovdyrpolitikk

Krav til velferdstilbydere

Kontantstøtte og barnehage

Endring av kompetansekravet i matematikk og inntak til lærerstudier

Norske sjøfolk fortjener gode lønns- og arbeidsvilkår!

Ferjesamband utan fastlandsforbindelse

**Til stortingsgruppa:**

Griegakademiet må fysisk samlokaliseres i Møllendal

Musikkterapi må bli tilgjengelig for flere for å sikre t likeverdig helsetilbud

HPV-vaksine til alle

Bærekraftig forvaltning av havrommet

Bistand til U-land på fiskeriforvaltning

Raus offentlig finansiering av Den norske Kirke og andre tros- og livssynssamfunn.

Kronisk syke må få støtte til fysioterapi

Ressurskrevjande brukarar

Gi arbeidsmiljøloven tenner

Bistand for fagforeninger

Søkarar til stilling i den offentlege arbeidsmarknaden

Behandlingstid for fosterhjem

Nasjonalt fond for klimatilpassing

Nye reglar for pasientreiser

Bostøtteordning

Endring i ordning av behovsprøvd stipend for barn av eineforsørgjande forelder

Styrking av Arbeidstilsynet – arbeid mot sosial dumping

Kommuneøkonomi

Uavhengig journalistikk en forutsetning for demokratiet

Forsvarets lyttestasjon i innseilingen til Bergen

Odda sjukehus må bestå med akutt kirurgisk funksjon

Utvidelse av den militære forbudssonen ved Heggernes mellom Askøy kommune og Meland kommune

Utgreiing av profitt frå skattefinansierte velferdstenester

**Til stortingsgruppa og fylkestingsgruppa:**

Elektriske ferjer – anbodsreglar

**Til fylkestingsgruppa:**

Kollektivsamarbeid mellom Hordaland og Rogaland fylke - Busstakstar og fylkesgrense

Tannhelsetenesta

Barnehage

Ferjesambandet Valestrand-Breistein inn i Hordaland Fylkeskommune si konsesjonsordning

Auka satsing på kollektivtrafikk og utbygging av parkeringsplassar ved trafikk

Vidaregående skule i Bømlo

Inntaksregler for videregående utdannelse

Ferjestrekninga Jondal-Tørvikbygd

Nytt kollektivfelt til Askøy

Hordaland skal ha trygge og pålitelege ferjesamband!

Hvordan forebygge voldtekt

Det blå kollektivfeltet

**Årsmøtet avviste følgjande forslag:**

Skattenivået i Norge

Gjenninnføre biltog

Videreføring av Nordnorgebanen til Harstad/Tromsø

Kommunale makspriser

Tannhelse

Styrket opplæeing og sikkerhet for mopeder

Statlige tilskudd til kommunene til bygging av pålagte avløpsrenseanlegg

Ja til utgreiing av ny arveavgift

## REPRESENTASJON

| | |
|---|---|
| | Medlem: |
| Samarbeidskomiteen LO/AP i Hordaland: | Fylkesleiar<br>Gruppeleiar<br>Stortingsrepresentant<br>Arbeiderpartiet i Bergen<br>AUF og LO sin fylkessekretær |
| Kvinnenettverket: | Marte Mjøs Persen |
| Studieutval | May-Brit Nordås<br>Marianne Bjorøy<br>Christian Olawu |
| Ordførernettverk | Marte Mjøs Persen, leder |
| Seniorforum | Ranveig Frøiland, leder. Gisle Handeland, Åse Vaksinen Sælensminde |
| Internasjonalt utval | Olav Terje Bergo, leder<br>Linn Kristin Engø<br>Linn Pilskog<br>Lubna Jaffery<br>Stein Ove Lien<br>Stian Jean Opedal Davies |
| Landbruksutval | Hans-Erik Ringkjøb<br>Olav-Magnus Hammer<br>Ingrid Prestegard<br>Siri Klokkerstuen |

**Arbeiderpartiet:**

| | | |
|---|---|---|
| Sentralstyret: | Harald Schjelderup<br>Jette Christensen | |
| Landsstyret: | Hans-Erik Ringkjøb<br>Marte Mjøs Persen | Stein Ove Lien<br>May Brit Nordås |

**Stortinget:**

| | |
|---|---|
| Energi- og miljøkomiteen | Per Rune Henriksen |
| Kontrollkomiteen | Jette F. Christensen |
| Transport- og kommunikasjonskomiteen | Magne Rommetveit |
| Helse- og omsorgskomiteen | Ruth Grung |

| | |
|---|---|
| Etter valet | |
| Kontrollkomiteen | Magne Rommetveit |
| Finanskomiteen | Eigil Knutsen |
| Næringskomiteen | Ruth Grung |
| Utdanning og-forskingskomiteen | Jette Christensen |

## Kvinnenettverket

Kvinnenettverket i Hordaland arrangerte den årlege samlinga i Bergen 24.-25. november 2017. Nettverksssamlinga vart arrangert i samarbeid med kvinnenettverket til Arbeiderpartiet i Bergen. 25. november er FNs internasjonale dag mot vold mot kvinner, og dette var eit av temaene som vart tatt opp. Innleiarar på nettverkssamlinga var Sigrid Sollund (åpent møte) om hersketeknikkar, Chiku Ali om vold mot kvinner og arbeidet mot kjønnslemslesting. Ronja Breisnes (AUF og AP) og Agnethe Strøm (Kvinnefronten) om erfaringer med sexkjøpsloven, Maryam al-Khawaya (mottaker av Raftoprisen i 2013, Bahrain Center for Human Rights) og Amina Amin, Larissa Hollund, Kari Bernadini og Marte Mjøs Persen i samtale om Arbeiderpartiets politikk på familie- og likestillingsfeltet og veien videre. Samlinga var vellykka og det er ynskjeleg å oppretthalda tradisjonen om ei samling kvart år.

Det har vært avholdt regionsvis samling for kvinnenettverket i Sunnhordland. Formålet var å møtes på tvers av kommunegrenser og diskutere aktuelle saker. Tema som vart diskutert på regionssamlinga i Sunnhordland (1. april 2017) var arbeidet i kommunestyrene, hersketeknikker og kva skal til for å få fleire kvinner aktivt med i arbeidet. Samlinga vart avslutta med sosialt samvær. Det er under planegging regionssamling på Askøy for laga i vest 5. april 2018, og det er ynskjeleg å fortsetje å få til regionssamling i alle deler av fylket ein gong i året, men ein lyt ha lokale kvinnenettverksleiarar som ynskjer å ta del i planlegginga og gjennomføringa av samlingane.

Facebookgruppa for Kvinnenettverket i Hordaland har per 13.02.18 – 262 medlemmer, og er ei gruppe kor medlemmene kan ta opp spørsmål diskusjon og debatt.

## Seniorforum

Senioriuvalget er desse: Ranveig Frøiland, Fjell leiar
Gisle Handeland, Fedje
Åse Vaksinen Sælensminde, Os

I 2017 har det vore arrangert 4 samlingar;

August; På Lindås saman med alle kommunepartia i Nordhordland.
Innleiarar; Yngve Haagensen og Leif Sande, Ranveig Frøiland
Musikk og allsong; Olav Sandahl m/fl

August: På Os saman med kommunepartia i Midthordland
Innleiarar; Eigil Knudsen, Ranveig Frøiland
Song og underholdning; Eirik Søfteland

August; Stord med kommunepartia i Sunnhordland
Innleiarar ; Magne Rommetveit og Ranveig Frøiland
Musikk og allsong; Olav Sandahl m/fl.

November; Odda saman med kommunepartia i Hardanger
Innleiarar; Gunnar Berge og Åse Vaksinen Sælensminde
Musikk og allsong; Alfred Leren og Magnus Solbakken

Leiaren i AUF, Benjamin Jakobsen var med oss på alle arrangement og bidrog med sin entusiasme.
Frammøtte var frå 30-50 kvar gong.

## Ordførarnettverk

Marte Mjøs Persen har leia ordførarnettverket.
Før valkampen var det ein ordførarsamling med med tema valkamp for å forankre felles strategi. Samlinga var på rådhuset i Bergen. I valkampen vart det arrangert jevnlege telefonmøter med ordførarane.

## Kommunepartileiarar i årsmøteperioden

| | | |
|---|---|---|
| Etne Arbeiderparti | Pål Steinar | Rullestad |
| Kvam Arbeiderparti | Torgeir | Næss |
| Jondal Arbeiderparti | Olav-Magnus | Hammer |
| Fusa Arbeiderparti | Viggo | Furubotn |
| Tysnes Arbeiderparti | Rolf | Simonsen |
| Ulvik Arbeiderparti | Ingrid | Prestegard |
| Granvin Arbeiderparti | Erling | Midttun |
| Ullensvang Arbeiderparti | Amund | Velure |
| Eidfjord Arbeidarparti | Svein | Hop |
| Bømlo Arbeiderparti | Odd Harald | Hovland |
| Kvinnherad Arbeiderparti | Leif Ove | Mikkelsen |
| Arbeiderpartiet i Bergen | Roger | Valhammer |
| Os Arbeiderparti | Tone | Hepsøe |
| Øygarden Arbeiderparti | Anne Lise | Grøm |
| Austrheim Arbeiderparti | Hardy | Pedersen |
| Fedje Arbeiderparti | Terje | Blomvågnes |
| Masfjorden Arbeiderparti | Harald | Birkeland |
| Fjell Arbeiderparti | Tonje Tangen | Alvsvåg |
| Sund Arbeiderparti | Ivar | Steinsland |
| Stord Arbeidarparti | Henny Førland | Berger |
| Austevoll Arbeiderparti | Jane Kirsti | Stangeland |
| Fitjar Arbeiderparti | Roger | Nesbø |
| Osterøy Arbeiderparti | Rita | Tveiten |
| Samnanger Arbeiderparti | Brigt Olav | Gåsdal |
| Odda herreds Arbeiderparti | Lind Jondahl | Haugland |
| Askøy Arbeiderparti | Terje | Angelshaug |
| Vaksdal Arbeiderparti | Magne | Hestad |
| Meland Arbeiderparti | Tormod | Skurtveit |
| Radøy Arbeiderparti | Kirsti Gjetle | Floen |
| Sveio Arbeiderparti | Håkon | Skimmeland |
| Hordaland Arbeiderparti | Hans-Erik | Ringkjøb |
| Voss Arbeiderparti | Ørjan | Myrmel |
| Lindås Arbeiderparti | Astrid Namtvedt | Sylta |

## Æresmedlemmer i Hordaland Arbeiderparti

Vigdis Ravnøy
Arne Nilsen
August Rathke
Ranveig Frøiland
Audun I. Aasheim
Magne Gjerskvål
Leiv Stensland
Knut Erdal
Harald Helland
Arne Jakobsen

## ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS

Det er tre stillingar ved partikontoret, to fylkessekretærar og ein kontortilsett. Fylkessekretærane Anders Kambo Tangerås og Stig Morten Frøiland er tilsett i Arbeiderpartiet.



Kontorsekretær Elisabeth Refvik er tilsett i Hordaland Arbeiderparti.

Roald Kvamme er gruppeleiar for fylkestingsgruppa. Fylkestingsgruppa har tilgang til kontor i kontorfellesskapet.

Dei tilsette på partikontoret deltak i eiga bedriftslegeordning gjennom Bergen Arbeidsmedisinske Senter. Det er ikkje registrert arbeidsulykker på kontoret. Sjukefråveret er lågt.



Hordaland Arbeiderparti er med i region vest i Arbeiderpartiet. Regionen er samansett av Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Folkets hus vart solgt i 2016 og Hordaland Arbeiderparti flyttar inn i nye lokale i Lars Hilles gate 19 i januar 2018.

## STYREMØTER

Det har vore gjennomført  10 styremøte og handsama  86 saker. Styret har arbeid mykje med førbuing av og evaluering av valkampen samt situasjonen med Folkets hus og flytting til nye lokale. Styret har også arbeida med ny region og samanslåing med Sogn og Fjordane.ø

## REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er samansett av 75 representantar. Hordaland AUF skal ha 7 representantar av desse etter innstilling frå AUF. Dei resterande blir fordelte på kommunepartia i høve talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommuneparti har rett til minst 1 utsending til representantskapet.

Styret i Hordaland Arbeiderparti møter med tale-, forslags- og stemmerett.

Fylkestingsgruppa og stortingsrepresentantane tiltrer representantskapet. Møta er ope for medlemmer.

**Møter i representantskapet**

Fredag 19. mai kl. 1700 til laurdag 20. mai kl. 1400 på Quality Hotel Edvard Grieg, Kokstad.
På dagsorden:
Valkampen v/ leiar trond Giske
Valkampskulering
Fylkespartisamanslåing

Fredag 3. oktober kl. 1700 til laurdag 4. oktober kl. 1400 på Flesland Scandic.
På dagsorden:
Valet og vegen vidare v/ nestleiar Hadia Tajik
Evaluering av valkampen i Hordaland
Fylkespartisamanslåing
Statsbusjettet

Tirsdag 28. november kl 1800 på Bergen Kongressenter, Folkets hus
På dagsorden:
Fylkestingsbudsjettet

## STORTINGSVAL

Hordaland Arbeiderparti starta året med ein Januar-kampanje som innebar skulering om strategi og poskasseaksjon i alle kommuneparti. Det sikra  ein tidleg start på valkampen.

På våren arrangerte fylkerpartiet fire valkampsamlingar i ulike deler av fylket for å mobilisere og motivere laget. Etter landsmøtet gjennomførte vi vårkampanjen med meir aktivitet enn tidligare og nesten alle kommuneparti deltok 13. mai.



Arbeiderpartiet hadde sin nasjonale valkampopning på Møhlenpris 23. juli og arrangementet vart særs vellukka. Valkamstarten var 5. august

På tross av god innsats frå medlemmane så vart ikkje resultatet slik vi hadde håpa på. Valkampen var prega av fokus på dårlige målinger og negative oppslag om partileiaren. Hordaland fekk inn 4 stortingsrepresentantar.



Hovedmål - Hordaland
1. 90000 veljarar
2. Største partiet i fylket
3. 900 frivillige i heole fylket
4. 90000 veljarrmøter (100 per frivillige)
5. 5(6) mandat frå Hordaland
6. Nasjonal oppslutnad(nivå)

Resultat - Hordaland
1. 68 195 veljarar
2. Nest største partiet i fylket
3. Nesten 900 frivillige i heile fylket
4. Sannsynlegvis 90000 velgermøter (100 per frivillige)
5. 4 mandat frå Hordaland
6. Gjekk mindre tilbake enn nasjonalt

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Hordaland | 24,9 | 22,8 | -2,1 | Austevoll | 16,6 | 13,9 | -2,7 |
| Granvin | 17,7 | 17,5 | -0,2 | Sveio | 21,6 | 18,9 | -2,7 |
| Øygarden | 20,1 | 19,5 | -0,6 | Ullensvang | 19,7 | 16,4 | -3,3 |
| Meland | 23 | 21,9 | -1,1 | Masfjorden | 23,8 | 20,3 | -3,5 |
| Bergen | 25,6 | 24,4 | -1,2 | Sund | 20,1 | 16,6 | -3,5 |
| Radøy | 23 | 21,7 | -1,3 | Austrheim | 24 | 20,3 | -3,7 |
| Os | 20,2 | 18,8 | -1,4 | Osterøy | 23,8 | 20 | -3,8 |
| Fusa | 17,8 | 16,4 | -1,4 | Modalen | 20,5 | 16,6 | -3,9 |
| Lindås | 19,6 | 18,2 | -1,4 | Ulvik | 24,3 | 20 | -4,3 |
| Fedje | 25,6 | 24,1 | -1,5 | Voss | 28,5 | 23,9 | -4,6 |
| Fitjar | 16,1 | 14,4 | -1,7 | Askøy | 27,2 | 22,3 | -4,9 |
| Kvinnherad | 23,1 | 21,3 | -1,8 | Etne | 20,9 | 16 | -4,9 |
| Tysnes | 20,2 | 18,4 | -1,8 | Eidfjord | 29,9 | 24,3 | -5,6 |
| Stord | 31,1 | 29 | -2,1 | Vaksdal | 37 | 31 | -6 |
| Fjell | 21,1 | 18,9 | -2,2 | Jondal | 26,9 | 20,7 | -6,2 |
| Bømlo | 19,8 | 17,5 | -2,3 | Samnanger | 32,5 | 26,2 | -6,3 |
| Kvam | 20,6 | 18,3 | -2,3 | Odda | 40,8 | 34,1 | -6,7 |

## STORTINGSGRUPPA

Stortingsrepresentantar fram til stortingsvalet:
Per Rune Henriksen: Energi- og miljøkomiteen, AU gruppestyret.
- Jette Christensen: Kontroll- og konstitusjonskomiteen.
- Magne Rommetveit: Fraksjonsnestleiar i Transport- og kommunikasjonskomiteen.
- Ruth Grung: Helse- og omsorgskomiteen.

Etter stortingsvalet:
- Magne Rommetveit: Kontroll og kommunikasjonskomiteen, presidentskapet, gruppestyret.
- Jette Christensen: Fraksjonsnestleiar i Utdannings- og forskingskomiteen. Europarådet. Frå januar 2018 flytta til Utanriks- og forsvarskomiteen.
- Eigil Knutsen: Finanskomiteen. Frå januar2018 flytta til Arbeids- og sosialkomiteen.
- Ruth Grung: Fraksjonsnestleiar i Næringskomiteen. Nordisk råd.

AP-benken har hatt fast samarbeidsmøte kvar onsdag, og har fellesmøte med heile Hordalandsbenken kvar månad. Benken var også i 2017 vertskap for den årlege ordførar- og gruppeleiarsamlinga på Stortinget i januar. Me har hatt god kontakt med fylkespartiet og aktuelle kommuneparti ved handsaming av aktuelle saker gjennom året.

2017 har sjølvsagt, også for stortingsbenken vore prega av valkampen, og banda mot fylkes- og kommunepartia har blitt styrka. Reiseaktiviteten i heimfylket har vore omfattande og betydelege for oss på benken dette året. Me nådde ikkje måla våre gjennom stortingsvalet. På landsplan mista gruppa 6 mandat, og tel nå 49 representantar. I Hordaland hadde me som målsetjing å auka oppslutninga, men me enda med 4 mandat, som i førre periode. Einaste endringa i vårt fylke, var at Høgre mista eit mandat , og SP blei styrka med eitt mandat. I det daglege stortingsarbeidet og i komiteane merkar me klart at regjeringa er svekka etter valet, og me ser fleire døme på at me får fleirtal for våre forslag saman med resten av opposisjonen.

Stortingsbenken har på ulikt vis jobba med mange « Hordalandssaker», og dei oversendte årsmøtevedtaka frå HAP har blitt følgt opp på følgjande måte:

| | |
|---|---|
| Okkupasjon av Vest- Sahara må opphøre | Stilt spørsmål til utenriksminister i desember |
| Krisen i Sør Sudan | Stortingsgruppen har økt bistandsbudsjettet til 1% |
| Vern av Øystesevassdraget | Me fekk støtte fra stortingsgruppa til HAP sitt syn, og vern er nå vedtatt i Stortinget. |
| Utdanningsstøtte | Foreslått opptrapping mot 11 måneders studiestøtte i alt. Statsbudsjett for 2018 |
| Studentboliger | Foreslått 3000 studentboliger i året i alt statsbudsjett 2018 |
| Stabilitet for utenlandsstudenter | Ikke gjort noe med økt støtte til studier i utlandet med lav kronekurs |
| Nei til generell bevæpning av politiet | Sak er til behandling nå og vil bli fulgt opp når den kommer til stortingsgruppen. |
| Rosa resept og kunnskap | Har prioritert gratis prevensjon til de under 15 og følger prøveprosjekter. |
| Nei til unødvendig måling | Stortingsgruppen har en løpende drøfting av effekt av måling i skolen. |

| | |
|---|---|
| Unngå unødvendig varetektsfengsling | Stortingsgruppen følger tett opp situasjonen i fengslene og har økt rammen i våre budsjettforslag. |
| Sikre sjøforsvaret | Sjøforsvaret er prioritert i langtidsplanen og vi har jobbet systematisk med å løfte sjøkrigsskolen |
| Pappapermisjon økes til 14 uker | Vedtatt i Stortinget oktober 2017 |
| Langsiktig plan for kompetanseheving | Stortingsgruppen har satt av mer midler og løftet frem behovet for økt kompetanse |
| Flaumregulerende tiltak i ikkje regulert vassdrag | Blir fulgt opp med Energi- og miljøfraksjonen |
| Styrking av rettigheter til ofre for menneskehandel innen prostitusjon og sex industri | Ble vedtatt i 2015 og etterlyst oppfølging. Ap har tatt opp problemstillingen i diverse forslag om bekjempelse av arbeidskriminalitet mm |
| Vekst i havbruk | Havbruksfondet er vedtatt og vil få inntekter når det åpnes for vekst i 2018 |
| Nei til norske fengselsplasser i Nederland | Ap har aldri støttet outsourcing av straffegjennomføring til Nederland |
| Aurora-prosjektet | Ap har gitt generell økning til kriminalomsorgs-tiltak men ikke forslått at Aurora skal være nasjonalt |
| Tilbakeføring til samfunnet | Er fulgt opp |
| Endring i Lov om frittgående skoler | Er fulgt opp |

## 22. juli

Hordaland Arbeiderparti og kommunapartia arrangerte sammen med AUF og støttegruppa fem års minnemarkering i Sund, Bergen, Askøy og Osterøy.

## ORGANISASJON




Det har vore god aktivitet i partiorganisasjonen i samband valkampen 2017.  Kommunepartia var aktive i førebuing til valet og i januar- og vårkampanjen

Kursaktiviteten i Hordaland Arbeiderparti har vore god i samband med valkampen men kan styrkjast i det generelle arbeidet.

Dei fleste kommunepartia har vore vitja av representantar frå stortingsgruppa, fylkestingsgruppa,  styret eller partikontoret i samband med gjennomføring av årsmøta, 1.mai og valkampen.

Tilhøvet og samarbeidet til fagrørsla er godt og dette er svært viktig i høve til arbeidet i organisasjon og i politiske organ, men det har vore lite aktivitet i samarbeidskomiteen.

Samarbeidet med AUF er veldig bra og det vert arbeida godt med rekruttering til organisasjonen og til styrande organ.

# MEDLEMSUTVIKLING

Medlemstal:

| Fordeling på kommuneparti: | Totalt 2015 | 2016 | | | 2017 | | | Totalt 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | AP | AUF | | AP | AUF | | |
| Askøy | 240 | 171 | 33 | | 168 | 31 | | 199 |
| Austevoll | 95 | 59 | 16 | | 59 | 13 | | 72 |
| Austrheim | 82 | 79 | | | 72 | | | 72 |
| Bergen | 2 373 | 1 706 | 402 | | 1682 | 351 | | 2033 |
| Bømlo | 84 | 78 | | | 79 | | | 79 |
| Eidfjord | 33 | 36 | | | 33 | | | 33 |
| Etne | 59 | 49 | 5 | | 50 | | | 50 |
| Fedje | 41 | 36 | | | 34 | | | 34 |
| Fitjar | 30 | 32 | | | 38 | | | 38 |
| Fjell | 136 | 139 | | | 141 | | | 141 |
| Fusa | 36 | 41 | | | 42 | | | 42 |
| Granvin | 16 | 13 | | | 14 | | | 14 |
| Jondal | 30 | 21 | | | 22 | | | 22 |
| Kvam | 136 | 126 | | | 115 | | | 115 |
| Kvinnherad | 132 | 107 | 13 | | 103 | 15 | | 118 |
| Lindås | 169 | 126 | 45 | | 125 | 36 | | 161 |
| Masfjorden | 59 | 58 | | | 58 | | | 58 |
| Meland | 69 | 60 | | | 56 | | | 56 |
| Odda | 191 | 161 | 22 | | 159 | 28 | | 187 |
| Os | 138 | 119 | 19 | | 138 | 12 | | 150 |
| Osterøy | 122 | 86 | 23 | | 78 | 15 | | 93 |
| Radøy | 66 | 58 | | | 60 | | | 60 |
| Samnanger | 31 | 30 | | | 28 | | | 28 |
| Sotra/Øygarden | 36 | | 32 | | | 36 | | 36 |
| Stord | 189 | 170 | 21 | | 184 | 22 | | 206 |
| Sund | 78 | 66 | | | 65 | | | 65 |
| Sveio | 56 | 50 | | | 47 | | | 47 |
| Tysnes | 40 | 40 | | | 33 | | | 33 |
| Ullensvang | 28 | 27 | | | 27 | | | 27 |
| Ulvik | 31 | 31 | | | 33 | | | 33 |
| Vaksdal | 108 | 91 | | | 92 | | | 92 |
| Voss | 164 | 144 | 19 | | 127 | 16 | | 143 |
| Øygarden | 88 | 71 | | | 73 | | | 73 |
| HAP - direkte | 4 | 4 | | | 6 | | | 6 |
| AUF - direkte | 17 | | 9 | | | 11 | | 11 |
| | | | | | | | | 0 |
| Totalt medlemstal | 5207 | 4 085 | 659 | | 4041 | 586 | | 4627 |

Det er verva 308 nye medlemmer i Hordaland Arbeiderparti. Av disse har 262 betalt kontingent.

| | | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Av det totale medlemskapet utgjer: | DnA | 4071 | 4312 | 4085 | 4041 |
| | AUF | 1008 | 895 | 659 | 586 |

# KURS

Studieutvalet i Hordaland AP har i denne perioden bestått av Marianne S. Bjorøy, Christian Olowo og studieleiar May-Brit Nordås.

1. og 2. desember arrangerte studieutvalet kurs for nye medlemmer. Det var over 30 deltakarar på dette kurset. Mange av deltakarane meldte seg inn i Arbeiderpartiet under valkampen eller like etter valet for å støtte opp om Arbeiderpartiet, etter ei t dårleg valresultat.

Tidligere stortingsrepresentant Ranveig Frøiland og Åse Sælensminde fortalte om korleis vi arbeider i Arbeiderpartiet ,andre tema som vart belyst var Arbeiderrørsla si historie og om rolla til tillitsvalde og folkevalde

Stortingsrepresentant Ruth Grung fortalte om våre viktigste politiske saker nasjonalt og gruppeleiar i Bergen Rune Bakervik fortalte om byrådssamarbeidet i Bergen og om viktige politiske saker i Bergen. I tillegg var det satt av god tid til diskusjonar og til å bli kjent med hverandre. Det var en veldig engasjert gruppe og flere av deltakerne på kurset har i ettertid vært på talerstolen og holdt politisk innlegg på årsmøtet i Arbeiderpartiet i Bergen.

Hordaland Arbeiderparti har i 2017 arrangert følgjande kurs:

- Valkampførebuing. Regionale kurs: Leirvik, Bergen, Knarvik, Ullensvang,
- Valkampmobilisering. Regionale samlingar: Bergen, Askøy, Voss, Lindås,
- Valkampkurs i forkat av fylkesårsmøtet
- Kurs for nye medlemmer 1.-2. desember
- Fylkespartiet har også delteke med innleiarar på valkampkurs i kommunepartia




## Faglig-politisk samarbeid

Det har vore god kontakt med fagrørsla i perioden og det er gjennomført ei rekkje arbeidsplassbesøk og møter med tillitsvalte og  stortingsrepresentantar. Samarbeidet i valkampen var godt.

Samarbeidskomiteen har hatt lite møteaktivitet.

Den årlege faglig-politiske konferansen vart halde på Flesland Scandic Hotell. Innleiarar på konferansen var Trond Giske, Jonas Bals, Peggy Hessen Følsvik og Wegard Harsvik.

## 1. mai



Ramma og bodskapen rundt 1. mai-feiringa var ” Velg Fellesskap, arbeid, likhet og velferd! ”.

I samarbeid med LO-kontoret, formidla partikontoret ei rekkje talarar til arrangement i fylket.

## Sluttord

Hordaland Arbeiderparti gjekk inn i valkampen som eit samla fylkesparti. Saman om saker og om strategi. Vi skulerte oss godt og med høg sjølvtillit og gode målingar.

Gjennom valkamp sto vi på seint og tidleg, med fantastisk godt humør sjølv om målingane ikkje var dei beste. AUF gjorde ein fantastisk innsats i valkampen og i skulevalet . AUF imponerer alltid med sin dugleik og sitt pågangsmot, og det imponerer heile Arbeiderpartiet. Så ein stor takk til ungdomen!

Diverre tapte Arbeiderpartiet valet.Etter valet har vi evaluert valkampen og resultatet for å kunne gjera gode analysar for korleis vi skal lukkast med og meisla ut ny politikk og strategi som treff stemninga i folket. Vi skal vinne nye val i framtida!

2017 har vore eit spanande år for Vestlandet og Stortinget har gjort vedtak om at Hordaland og Sogn og Fjordane skal bli eitt fylke. Fylkespartiet skal også slå seg saman med Sogn og Fjordane Arbeiderparit. Fylkestingsgruppa med fylkesordførar Anne Gine Hestetun har gjort ein framifrå jobb.

Hordaland Arbeiderparti gjennomførte årsmøtet 2017 i Bergen med besøk av partileiar Jonas Gahr Støre.

Medlemstalet  i 2017 har godt noko tilbake andre året på rad etter fleire års framgang, like eins med Arbeiderpartiet nasjonalt.

Me kjem heller ikkje utanom partikontoret. Dei sikrar at Hordaland Arbeiderparti fungerer som organisasjon. Gode råd, praktisk hjelp og ikkje minst halda hjula i gang i organisasjonen er avgjerande kvart einaste år. 2017 var ikkje noko unnatak.

Det har vore ei ekstra stor gleda å kunne leia Hordaland Arbeidarparti gjennom 2017! Sjølv om vi tapte valet og valkampen var tøff. Vi er imponert over den innsatsen de har lagt ned og det er i slike valkampar vi viser kva vi er laga av. At vi har tillitsvalde og frivillige som går den ekstra mila fordi partiet treng det.  Og gjennom nederlag skal vi reise oss igjen og vinna nye val. Det har partiet gjort før og det skal også vi klare.

Takk til alle som har stått på for partiet og på førehand takk for den jobben som skal gjerast for at vi skal vinne nye val.

| | | |
|---|---|---|
| *Hans-Erik Ringkjøb, leiar* | *Jette Christensen, nestleiar* | *May-Brit Nordås, studieleiar* |
| *Linda Lein, styremedlem* | *Kristin Handeland, styremedlem* | *Roger Valhammer, styremedlem* |
| *Marianne Bjorøy, styremedlem* | *Kjetil Hestad, styremedlem* | *Nils Aadland, styremedlem* |
| | *Benjamin Jacobsen, AUF* | |

# Vedlegg I

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESTINGSGRUPPA FOR 2017

Koalisjonen Ap, Krf og Sp har eit formalisert budsjettarbeid med SV og saman utgjer vi posisjonen i fylkestinget med 31 representantar. Samarbeidet fungerer veldig godt og det er etablert gode rutinar for dialog og samhandling. I saker der ikkje alle partia vert einige søker koalisjonen fleirtal med andre parti.

Fylkestingsgruppa har møter i framkant av fylkestinget der sakene vert gjennomgått og diskutert med utgangspunkt i program, politisk samarbeidsavtale og vedtekne styringsdokument for fylkeskommunen. Det har vore gjennomført ei helgesamling i Katowice der tema var status partiprogram 2015-19 og prioriterte saker, arbeidsform i gruppa og med samarbeidspartnarar, tale- og debatteknikk. I tillegg er det gjennomført budsjettseminar for gruppa og i samarbeid med koalisjonen.

Gruppestyret koordinera det politiske og organisatoriske arbeidet i gruppa og innstiller i saker til fylkestinget og har møte i framkant av gruppemøter og etter behov. Gruppestyret er samansett av fylkesordførar, gruppeleiar og dei tre fraksjonsleiarane i utvala. Utvala har telefonkonferansar i framkant av sine møter og felles gruppemøte i koalisjonen.

I arbeidet med budsjettet for 2018 vart det semje med SV og det vart også fleirtalet i fylkestinget.
Den økonomiske situasjonen for fylket er framleis svært krevjande og konsekvensane av stortingsfleirtalet og regjeringa sin politikk er at det er nullvekst i rammene for Hordaland. Fleire oppgåver skal løysast med mindre ressursar. Nedbetaling av den formidable gjelda vi overtok frå dei borgarlege må prioriterast og dette gjev lite handlingsrom til dei mange utfordringane me ser innan fylkeskommunens øvrige oppgåver. Dette gjeld spesielt etterslepet på vedlikehald av fylkesvegane og knappe midlar til investering i nye fylkesvegprosjekt. Det er ikkje samsvar mellom desse utfordringane og den ressursbruken me ser regjeringa legg opp til på riks- og europavegar og andre samferdsleinvesteringar.

Det er framforhandla ein ny byvekstavtale mellom Bergen, Fylket og nasjonale mynde og dette legg grunnlaget for vidare utbygging av bybane, gode kollektivløysingar og berekraftige transportløysingar

Arbeidet med gjennomføring av skulebruksplanen er i god framdrift men det er framleis slik at ein ikkje har løyst utfordringane med overkapasitet på elevplassar i alle deler av fylket. Arbeidet med å redusera fråfallet i den vidaregåande skulen vert framleis viktig og eit av fleire prioritert tiltak i denne samanheng er betre samarbeid med partane i arbeidslivet for å sikra fleire elevar læreplass.

Regionreforma har også vore ei sentral sak i 2017. Det vart gjennomført felles fylkesting og separate fylkesting for Hordaland og Sogn og fjordane på Dalsøyra skule i Gulen den 27. oktober der alle formelle vedtak vart gjort. Det vart mellom anna gjort vedtak om forslag på namn på det nye fylket «Vestlandet», det vart vedtatt formannskapsmodell som styringsmodell, tal på 65 representantar i det nye fylkestinget og samansetting på Fellesnemnd som vert dei to fylkesutvala. Samlinga var avslutta med ei markering på Gulatinget og dette vart eit minnerikt og flott høgdepunkt. Stortinget gjorde sine endelege vedtak om samanslåing og inndeling i nye regionar i desember 2017.

Fylkestingsgruppa har som mål å halda god kontakt med kommunepartia, ordførarane, kommunar, stortingspolitikarane, fagrørsla, interesseorganisasjonar, utdanningsinstitusjonane og næringslivet i fylket.

Det vart oversendt 10 forslag frå årsmøtet til fylkestingsgruppa, forslaga var ikkje realitetshandsama i årsmøtet . Forslaga er drøfta i høve til fylkesvalprogrammet og tatt med i vurderingane knytt til prioriteringar i budsjettarbeid og forhandlingar i koallisjonen samt anna arbeid med relevante saker.

***Fylkesutvalet*** :
Anne Gine Hestetun, Roald Kvamme, Kari Bernardini, Mari Klokkerstuen Kjellesvik og Helge Nævdal.
Anne Gine Hestetun var sjukemeldt ved starten av 2017 til 26 oktober 2017. I sjukemeldingsperioden vart Pål Kårbø KrF konstituert som fylkesordførar og Roald Kvamme som fylkesvaraordførar frå 3. februar 2017 til 26 oktober 2017.

Fylkesutvalet handsamar saker etter innstilling frå fagutvala og innstiller i saker til fylkestinget, i tillegg er fylkesutvalet næringspolitiske utval og har vedtaksmynde etter delegasjonsreglementet.

Trass i regjeringa sine store kutt i tildeling av regionale utviklingsmidlar har ein klart å vidareføra tilskot til nye næringsutviklings- og etablerarprosjekt, til regionråda sitt utviklingsarbeid og støtta til nettverksorganisasjonar og fagnettverk som har NCE status. Dette vil bli meir krevjanda i åra som kjem dersom ein ikkje aukar dei nasjonale tilskota.

***Utval for opplæring og helse***:
Emil Gadolin (Gruppeleiar), Kjetil Hestad (har søkt om permisjon frå og med 2018 og ut perioden), Kine Brattli Dale og Linda Haugland Jondahl.

Arbeidet med å redusera fråfall og gjennomføring av andre tiltak for å nå dei målsettingane for opplæring i partiprogrammet for valperioden er godt i rute.

I 2017 er det tilsett yrkesfagkoordinatorar ved utvalde skular som skal jobbe målretta for å få elevane ut i lære. Skuland har eit ansvar for heile utdanningsløpet, ikkje berre de 2 åra yrkesfagselevane er på skulebenken.
Det vert innført ein ny budsjettmodell som gir langt betre forutsigbarhet for skulane i Hordaland. Høgrepartia sin misslukka stykkprismodell er fjerna og no skal det ikkje lenger lønne seg å presse for mange elevar inn i klasseromma.

Etter initiativ frå Arbeiderpartiet har fleirtalet i fylkestinget sett seg i ei ambisiøs målsetting om at minst 50% av elevane skal velja yrkesfag. I fleire deler av landet er det ei skremmande negativ utvikling i andelen elever som vel yrkesfag. Denne negative trenden skal ikkje Hordaland bli ein del av.

Det er gjort vedtak i fylkestinget om at fylkeskommunen skal ta initiativ til «y-veier» overfor utdanningsinstitusjonar som HVL, eksempelvis slik at helsefagarbeidarar får moglegheit til å søke på sjukepleiarstudiet. Det skal også bli satsa meir på fagskuleutdanning innan helsefag og dei øvrige studieretningane.

Skulefrukost er eit viktig tiltak for å skapa auka lærelyst og for å gi alle elever like muligheter til å lukkast. Etter 2 år har samarbeidspartia lagt til rette for at ca 20 skular i fylket har eit slikt tilbod til elevane.

Ordninga med eit ekstra tilskot til utstyr som skulane kan søkja på er vidareført og etablert som ei fast ordning.

***Utval for miljø og samferdsel***:
Synnøve Solbakken (fraksjonsleiar), Atle Kvåle, Rasmus Laupsa Rasmussen og Per Lerøy.

For å syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløysingar både for folk og næringsliv har Arbeiderpartiet gjennomført ei rekke tiltak i 2017. Det er arbeidd mykje med rullerande plandokument og innspel til mellom anna NTP 2018-2029, regional transportplan, klimaplan, kollektivplan og trafikksikringsplan.

Nokon viktige saker:

<u>Låg vekst i kollektivprisane</u>
Ein har klart å halda kollektivtakstane i samsvar med prisveksten elles i samfunnet. Ordninga med utvida ungdomskort er vidareført trass i sterk motstand frå opposisjon og administrasjonen. Det same gjeld ordninga med fjerning av nattakst. Gruppa har prioritert å skjerma desse tilboda fordi me når store grupper av unge kollektivreisande som det er viktig å etablera gode reisevanar for og som har låg betalingsevne.

Fleire bussavgangar
Det er gjort vedtak om ytterlegare vekst i kollektivtilbodet og det er no over 500 fleire bussavgangar enn det siste årete Høgre og Frp styrde Hordaland. Det er rekordstor vekst i talet på kollektivreisande i fylket.

Færre takstsoner
Det er vedtatt innføring av nye takstsoner der ein går frå 470 ulike takstsoner til sju soner. Dette vil gje eit enda betre og rimelegare tilbod til dei reisande i heile fylket og vera eit sterkt verkemiddel til å nå målsettingar om redusert trafikkvekst i Bergensområdet og fleire kollektivreisande.

Ferjetilbod
Dei nye anboda som er tildelt for ferjesambanda vil auka dei årlege driftskostnadane med 241 millionar kr pluss betydelege investeringskostnader på ferjekaiane. Dette vert svært krevjande å løysa og fylkestingsgruppa vil halda tett dialog om desse utfordringane med sentrale mynde, stortingsgruppa og interne kanalar i Arbeiderpartiet

Vedlikehald av fylkesvegar
Ordninga med punktutbetring av vegstrekningar i driftsbudsjettet er vidareført og det er også sett av 40 millionar ekstra til dette på investeringsbudsjettet. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å retta opp etterslep på vedlikehald som no er oppe i 7,3 milliardar kr. Denne utfordringa saman med auka kostnader for ferjedrift må løysast saman med sentrale mynde. Vedlikehaldsetterslepet må løysast i ein nasjonal dugnad og ressursbruken frå staten si side må ta omsyn til dette.

***Utval for kultur, idrett og regional utvikling***:
Kjell Gitton Håland (fraksjonsleiar), Siri Klokkerstuen, Espen Berntsen, Katrin Innvær Ankervold og Gunn Berit Lunde Aarvik.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling er eit område der små økonomiske midlar gjer store resultat. Der blir utført imponerande mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland fylke på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget har prioritert auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen blir ytterlegare stimulert.

Nokon eksempel der posisjonen har styrka kultur- og idrettsfeltet:
- Lavterskeltilbud til fysisk aktivitet for barn- og unge
- Ekstra tilskudd til Norsk Musikkorpsforbund som har sitt 100 års jubileum i 2018
- Ekstra tilskudd til «Fjordsteam 2018» som vert det store folkelige kulturarrangementet 1. uke i august 2018 - med samling av veteranbåter

Fylket sin eigen regionale kulturplan legg til grunn at kultur har ein klar eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.

I Hordaland skal kulturpolitikken vere ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte menneske, i samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på - og utvikle verdiar og ressursar.

Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk kulturell infrastruktur av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Innbyggarane i heile fylket skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv.

Regional utvikling: Utvalet handsamar og gir uttale i mange kommuneplanar,- arealplanar og reguleringsplanar for kommunane i fylket. Dette er ofte krevjande saker der ønsket i den einskilde kommune kan stå i kontrast til vedtekne regionale planar, til vern av kulturminne eller til vern av fisk i elvar.

Roald Kvamme
gruppeleiar

# Vedlegg II

# ÅRSMELDING FRÅ AUF i HORDALAND FOR 2017

**Fylkesstyret**

Fylkesstyret ble valgt på AUF i Hordaland sitt årsmøte 3.februar-4.februar. Fylkesstyret har i perioden avholdt 14 styremøter.

**Fylkesstyrets sammensetning valgt 14. februar:**

| | | |
|---|---|---|
| Leder | Benjamin Jakobsen | Askøy AUF |
| 1.nestleder | Rebekka Moldøen | Sotra og Øygarden AUF |
| 2.nestleder | Leonora Hjelle | Bergen AUF |
| Økonomiansvarlig | Andreas Skretting Jansen | Askøy AUF |
| 1.styremedlem | Henrik Drivenes | Bergen AUF |
| 2.styremedlem | Victoria Emilie Johannesen | Bergen (f.o.m 4.feb – t.o.m juli) |
| 3.styremedlem | Ole-Christian K. Valdersnes | Nordhordland AUF |
| 4.styremedlem | Idun Fjeld | Os AUF |
| 5.styremedlem | Lasse Tverdal | Odda AUF |
| 1.vara | Nikolai Rørdal | Kvinnherad AUF |
| 2.vara | Emily Høysæther Milde | Bergen AUF |

**Landsstyrerepresentanter:**

Benjamin Jakobsen vara: Andreas Skretting Jansen
Rebekka Moldøen vara: Leonora Hjelle

**Tiltredende i Fylkesstyret:**

Lokallagsledere
Sentralstyremedlem Ronja Breisnes
Fylkessekretær Øyvind Slemdal (t.o.m. mai)
Stian Jean Opedal Davies (f.o.m. august)
Ungdomskandidat Fylkestinget Mari Klokkerstuen Kjellesvik
Ungdomskandidat Fylkestinget Emil Gadolin
Ungdomskandidat Stortinget Øystein Hassel

Øyvind Slemdal sluttet som fylkessekretær i mai, og Stian Jean Opedal Davies ble ansatt frå og med august.

**SMIL- Ansvarlige**

SMIL står for skole og arbeid, miljø og klima, internasjonalt og likestilling og inkludering. De SMIL-ansvarlige velges selv av fylkesstyret blant dets medlemmer, og de velges i begynnelsen av perioden. De SMIL-ansvarlige deltar på skoleringer/samlinger i regi av AUFsentralt.

De SMIL-ansvarlige har ansvar for å oppdatere fylkesstyre om aktuelle saker som foregår under deres område i tillegg til at de skal arrangere temamøter og skrive leserinnlegg.

| | |
|---|---|
| Skole og arbeid | Lasse Tverdal, Odda AUF |
| Miljø og klima | Ole Christian Valdersnes, Nordhordaland AUF |
| Internasjonalt | Idun Fjeld, Os AUF |
| Likestilling og inkludering | Emily Milde, Bergen AUF |

## LO-kontakt

LO-kontakten er ansvarlig for AUF i Hordaland sin kontakt med fagbevegelsen. LO-kontakten skal holde fylkesstyre orientert og fagbevegelsens arbeid, i tillegg skal vedkommende delta på møter i regi av fagbevegelsen der AUF er invitert. Henrik Drivenes (Bergen AUF) har i perioden fungert som AUF i Hordaland sin LO-kontakt.

## Lokallag

AUF i Hordaland har i perioden hatt 11 lokallag. Det ble i høst blåst nytt liv i Stord AUF. Og av de 11 lokallagene har 8 hatt årsmøter i januar, mens de resterende 3 vil avholde årsmøter før sommeren. Lokallagene har hatt varierende aktivitet, men har vært sentrale i partiet sin valgkamp ute i distriktene. AUF i Hordaland har i løpet av perioden avholdt to lokallagsstyresamlinger som har vært en viktig møteplass for styrene i lokallagene.

## Fylkessekretær

Øyvind Slemdal var ansatt som fylkessekretær frem til juli 2017, etter dette ble Stian Jean Opedal Davies ansatt som fylkessekretær. Begge har gjort en viktig jobb for AUF i Hordaland i året som har gått. Og har vært helt sentrale i planleggingen og gjennomføringen av AUF sin valgkamp.

## Kontrollkomité

Kontrollkomiteen ble valgt på årsmøtet. Den har bestått av Øyvind Hartveit (leder), Christina Nessa og Nikolas Dale Skjerping.

## Valgkomité

Valgkomiteen ble valgt på årsmøtet. Den har bestått av Solveig Grepperud (leder), Sondre Åslid, Stian Jean Opedal Davies, Ronja Breisnes (1. vara) og Øyvind Slemdal (2.vara)

Stian Jean Opedal Davies gikk i august inn i stillingen som fylkessekretær. Dette gjorde at han ikke kunne sitte som medlem av valgkomiteen. Dermed trådte Ronja Breisnes inn som fast medlem gjennom hele prosessen.

## Representasjon i sentralstyret

Vår sentralstyrekandidat Ronja Breisnes har sittet i gjennom hele perioden. Hun har sittet i sentralstyret sitt internasjonale utvalg.

## Regionalt seminar Vestland

Denne gangen ble regionalt seminar vestland avholdt i Bergen. Her deltok rundt 30 medlemmer av AUF i Hordaland. Seminaret besto av mange gode innledninger, skoleringer og selvsagt også mye god nettverksbygging.

## Samarbeid med Hordaland Arbeiderparti

Samarbeidet med partiet har fungert godt i 2017. AUF har vært representert på Arbeiderpartiet sine fylkesstyremøter. Ellers har AUF vært godt representert på representantskapsmøter og andre møter i regi av fylkespartiet. AUF stilte sterkt på delegatlisten til partiet sitt landsmøte i april 2017.

I tillegg til dette har mange AUFere innehar tillitsverv i ulike deler av partiorganisasjonen i tillegg til sine tillitsverv i AUF. Lokallagslederne har hatt god kontakt med partiet og har vært representert I styrene. Dette mener vi er en stor styrke.

**Sommerleir**

AUF arrangerte sommerleir i år på Utøya fra 3.august til 6.august. Her var AUFere fra hele landet samlet for å delta på ulike politiske verksteder, høre innledere I bakken, få besøk av mange internasjonale gjester og for å få venner for livet.

Det deltok hele 56 AUFere fra Hordaland på årets sommerleir. Det ble bading, fotballturnering, volleyballturnering, nattkafe og karaoke. AUF fikk også besøk av partileder Jonas Gahr Støre samt tidligere statsministre Jens Stoltenberg og Gro Harlem Brundtland.

Denne sommerleiren gikk AUF i Hordaland sammen med AUF i Rogaland holdt en stor aksjon om arbeidsledighet, der nærmere 150 AUFere deltok. Hadia Tadjik besøkte aksjonen. Som også ble dekket av flere medier.

**Medlemsrekruttering og verveinnspurt**

AUF i Hordaland har i året som har gått arrangert mange vervinger over hele Hordaland. Det ble avholdt en verveuke i april, der mange skoler ble besøkt. I tillegg har det blitt arrangert mange skolebesøk rundt om i lokallaget.

AUF i Hordaland har også arrangert mange ringerunder, og vi kan nå si at vi ringte alle våre medlemmer i 2016. Tross stor innsats fra mange, ser vi tydelig at ansvaret for medlemsrekrutteringen, har blitt fordelt på for få hender. Dette førte dessverre til at AUF i Hordaland havnet langt under det vervemålet som ble satt av årsmøte i fjor, dette er svært beklagelig og fylkesstyret må ta kritikk for at resultatene ikke har svart til årsmøte sine forventinger.

Årets verveinnspurt var som vanlig hektisk. AUF i Hordaland avholdt aktivitet nesten hver eneste dag i desember. Det ble også sendt en søknad til Aktivtetsfondet til Hordaland Arbeiderparti, som bevilget 10 000 kroner til verveinnspurten.

**Fagligpolitisk samarbeid**

Det fagligpolitiske samarbeide har spilt en viktig rolle i AUF i Hordaland sitt arbeid i 2017. AUF har særlig jobbet tett opp mot Fellesforbundet avd.5, og har sammen med dem arrangert flere gode dialogmøter. I tillegg har AUF i Hordaland bidratt til et fagligpolitisk verksted på Fellesforbundet ung sin regionale ungdomskonferanse. AUF i Hordaland har også vært representert i LO sitt ungdomsutvalg. Og leder har deltatt på fagligpolitisk seminar på Stord.

**Media**

AUF i Hordaland har markert seg godt i media i året som har vært. Fylkeslaget har hatt en rekke medieoppslag knyttet opp til viktige politiske saker og viktige arrangementer. Under landsmøte til Arbeiderpartiet fikk AUF flere oppslag, men også på sommerleir. AUF i Hordaland har markert seg særlig godt med leserinnlegg ute i lokalavisene. Dette er en markant økning fra i fjor.

Mediesakene til AUF har blant annet handlet om: Pelsdyrnæringen, likestilling og feminisme, sommerleir, bybanen, barnetrygd, sykelønn, sexkjøpsloven, fraværsgrensen, fritt skolevalg, fjerning av nattakst, LoVeSe, Midlertidig opphold for enslige mindreårige osv.

AUF har blant annet hatt oppslag i NRK Hordaland, Bergen Tidende, Bergensavisen, Vestnytt, Askøyværingen, Strilen, TV2, Bygdanytt, Aftenposten, Midtsiden, Nordhordland.

**Valgkamp**

Vårkampanjen som fant sted i slutten av april og ut i mai, markerte starten på den intensive valgkampen. Her var AUF aktiv hver eneste dag enten det var skolebesøk og aksjoner i egen regi, eller stands i regi av Arbeiderpartiet. Vårkampanjen ga oss en god start på det som skulle bli en tøff valgkamp.

Etter sommerleir i begynnelsen på august var den intensive valgkampen i gang. AUF var helt avgjørende for at AiB kunne ha husbesøk hver eneste dag. AUF-lagene ute i distriktene var også helt sentrale i valgkampen der og holdt stands på bussterminalen på Knarvik, i Odda sentrum og mange andre steder.

Mot slutten av august gikk skolevalgkampen av stabelen og på to uker besøkte AUF i Hordaland nærmere 40 skoler. Årets debatt team var godt forberedt og flere hadde deltatt på debattskolering på Utøya. På tross av en betydelig nedgang fra valgkampen i 2015 så vant AUF skolevalget og gjorde sitt beste valg i et stortingsvalg på 20 år.

**Økonomi**

Fylkeslaget fullførte 2017 med et årsresultat på kr 106 287 og har per 01.01.2018 en egenkapital på kr 264 979, men disse tallene i seg selv er ikke dekkende for forståelsen av fylkeslagets økonomi. Gjennom 2017 har AUF i Hordaland investert betydelige summer i våre nye kontorlokaler i Folkets Hus DA. Dette vil også følge fylkeslaget i 2018. Opprettelsen av FH DA har gjort AUF til en likeverdig medeier i våre nye lokaler, men det har resultert i flere store engangskostnader, som ikke fremkommer naturlig fra budsjettet.

Med nye lokaler vil også husleien til AUF øke betydelig, fra omtrent kr 100 000 i året, til kr 165 000. Det vil merkes på budsjettene for 2018 og årene fremover. 2018 kommer også til å bli et krevende år for fylkeslagets økonomi på andre fronter. Særlig AUFs landsmøte til høsten kommer til å bli en stor kostnad. I tillegg skal sammenslåingsprosessen med AUF i Sogn og Fjordane startes, en prosess som vil komme med uante kostnader.

Summa summarum kan AUF i Hordalands økonomi karakteriseres som betryggende og god, men med kritisk behov for streng og møysommelig kostnadskontroll. Dette arbeidet må kontinuerlig følges opp av fylkessekretær og hovedkasserer i 2018, for å sikre videre stabilitet.